



ledelse@taxi1.no - Robert Aasmul

Dato: 20.10.2015  
Vår ref.: 2015/8325-41  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Søknad frå Tide Buss AS - førespurnad om sakshandsaminga

Vi viser til dykkar eposter av 30.09.15, 09.10.15, 12.10.15, 14.10.15 og 16.10.15.

Godkjenninga av ruteplan for dykkar rute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn står ved lag. Det vil mellom anna seie at de etter avgang Strandgaten og utført trasé i Bergen sentrum kan køyre direkte til flyplassen langs den traséen de ønskjer og vice versa.

Søknaden av 16.10.15 om å endre rutetraseen i Bergen sentrum vil bli vurdert i samanheng med Tide Buss AS sin søknad om å endre sin ruteplan til også å gjelde direkteruter

Når det gjeld førespurnaden i dykkar brev epost av 14.10.15, viser vi til at saka er av avgrensa omfang, og det ikkje er andre partar i saka enn Tide Buss AS. Fylkeskommunen har ikkje plikt til å gjennomføre ei høyring i saka, men vi har orientert dykk, Bergen kommune og Avinor om søknaden for å sikre at saka vert tilstrekkeleg opplyst. Vi vil i den vidare handsaminga av søknaden frå Tide Buss AS vurdere fråsegna de alt har kome med i saka. Vi kan på bakgrunn av forannemnde ikkje sjå at det er grunnlag for å setje saka i bero og utvide høyringsfristen, og vi vil difor ikkje imøtekomme dykkar ønskje om dette.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 image001
- 2 Søknad frå Tide Buss AS - førespurnad om sakshandsaminga

